

Denne informasjonen vert lagt ut på nettsida ukm.no/hordaland med oppdaterte lenkjer.

Deltakarinfo - Kven, kva, kor og når?

Når skal eg opptre?

For å finne ut når du skal opptre så er det enklaste å søkje på namnet ditt på denne sida (lenkje).

Skriv inn namnet ditt (eller namnet på gruppa eller din kommune) og klikk på søk. Da vil det kome opp eit eller fleire innslag (boksar).

Når du har funnet riktig boks så klikkar du på den. Den vil da opne seg og du finn meir info, m.a. om kva framsyning du skal opptre i.

Korleis kjem eg meg til festivalen?

Festivalen er på USF, Verftet, i Bergen. Adresse: Georgernes Verft 12, 5011 BERGEN. Det er lokalkontakt / lokalarrangøren som legg til rette for det praktiske.

Kontaktinfo til din lokalkontakt finn du her (lenkje)

Når er festivalen?

Festivalen starter fredag 15. april kl. 20:00, og varer til siste framsyning søndag 17.april., og det er viktig både for deg og oss at du kan være med hele tida. Dersom det er ein heilt spesiell grunn til at du må søkje om fritak for deler av festivalen, så må du snakke med din lokalkontakt om dette allereie no.

Kontaktinfo til din lokalkontakt finn du her (lenkje)

Internt deltakarprogram (vert publisert i mars)

Kva skal eg gjere dersom eg har allergiar eller andre behov for tilrettelegging?

Dersom du har behov for spesiell tilrettelegging på nokon måte så er det viktig at lokalkontakten din får beskjed!

Kontaktinfo til din lokalkontakt finn du her (lenkje)

Kva skjer på UKM-festivalen i Hordaland?

Alle UKM-deltakerar bur i Haugeveien 28, i Bergen tekniske fagskole sine lokalar (omlag 6 minuttars gange frå USF Verftet), og her vert det også servert frukost og kveldsmat. Alle framsyningar, kunstutstilling og workshops vert gjennomført på USF, Verftet. Her er det også nettredaksjon og sekretariat. På USF, Verftet, vert det også servert lunsj og middag.

Kveldsprogrammet består av Kick-off på USF, Verftet, fredag, og sosiale aktivitetar laurdag.

Det er påmelding på workshops i år (lenkje). Meir vert publisert på ukm.no/hordaland.

Vi sender alle framsyningar på nett

Alle framsyningar i Røkeriet på USF vert filma og sendt direkte på UKM-TV. Alle innslag ligg tilgjengelig på nett også etter at festivalen er ferdig.

Dersom du av ein eller annan grunn ikkje ønskjer å bli filma så er det viktig at du gir din lokalkontakt beskjed om dette!

Kva må du ha med på festivalen?

- Instrument / anna utstyr til opptreden!
- Rekvisittar / Kostyme
- CD eller annan playback som er nødvendig for innslaget ditt (vert også lasta opp på førehand)
- Kler for varmt og kaldt vær (Vi skal gå frå Haugeveien 28 til USF, Verftet kvar morgon og kveld. Aprildagane i Bergen kan vere både solvarme og kalde med nedbør)
- Sovepose
- Liggeunderlag / luftmadrass
- Toalettsaker
- Handkle
- Medisinar
- ID-kort
- Lomme pengar (Alle arrangement og måltid i regi av UKM er gratis)
- Husk reiseforsikring og eventuelt instrumentforsikring!
- Du bør ikkje ta med dyre gjenstandar og smykke

Ordensregler

- Det skal være ro i sovesalane frå kl. 00:00.
Det er utrolig mykje som skjer kvar dag, og dykk skal prestere på høgt nivå som artistar og kunstnarar. Derfor må ein også sove litt!
- Dykk skal vise respekt for andre deltakerar, slik andre deltakerar skal respektere dykk.
- Alle UKM-artistar må møte presis til prøver, framsyningar og arrangement.
- All bruk av rusmidlar er forbode, og overtredelse medfører heimsending for eigen rekning. Ein mister og høve til å verte med vidare til den nasjonale UKM-festivalen i Trondheim.